

# **Referat frå styremøte**

Møtet blei gjennomført som telefonkonferanse 16.10.06 kl. 09.00-10.30

## Deltakarar

- Dag Atle Lysne, leiar
- Anders Isnes, styremedlem
- Siv Almendingen, styremedlem
- Merete Økland, varamedlem

## **Saksliste:**

- Godkjenning av innkalling og saksliste. Status på dei ulike sakene.
- Årsmøtet
- Oppjustering av formuleringar i vedtekten.
- Debattar over e-postlista.
- Reisestøtte til årsmøtet.
- Referat om brev sendt til direktoratet – EVU
- Eventuelt

## Godkjenning av møteinnkalling og saksliste. Status på dei ulike sakene

Møteinnkalling og sakliste blei godkjent.

## *Landsomfattande prøvar i naturfag.*

Naturfagsenteret er interessert i å lage landsomfattande prøvar i naturfag og har signalisert dette til direktoratet. ILS – EKVA (leiar: Svein Lie) – TIMSS og PISA lagar kvantitative prøvar til 5. og 8. årssteg. Det skal kanskje vera IKT-basert, ynskjer å prøve ut eit pilotprosjekt. Dette blir på oppdrag slik at ein tenar pengar som igjen kan føre til fleire tilsette.

## Sak 18-06: Årsmøtet

Dag Atle orienterte om saklista til årsmøte, og det kom ingen innvendingar frå styret.

Årsmelding, skiven av Dag Atle: Styret gjekk igjennom årsmeldinga. Nokre moment frå denne gjennomgangen:

### *Kartlegging av situasjonen til naturfag*

Eit viktig moment i årsmeldinga er NNN si bekymring for kva satsinga innan naturfag blir brukt til. Styret vedtok å auka FOU-potten for 2007 til kr 20 000,-, og gje den nytt namn, slik at det nye styret i større grad kan bestilla undersøkingar som kartleggjer situasjonen innanfor saker som er vitig i NNN sitt arbeid.

### *Heimesida*

Heimesida til nettverket skal visa aktiviteten til styret.

Det er per i dag mulig å leggje inn opplegg og artiklar på heimesida til NNN. Styret fjernar derfor denne lenka og ber årsmøtet kommentere om det er greitt

For å auke aktiviteten på heimesida kom det eit forslag til Anders om ein kunne få ei lenke frå Naturfagsenteret sine sider til NNN si heimeside. Anders lova å ta dette spørsmålet med vidare.

### *NNN sin profil*

Etter at Naturfagsenteret er blitt starta opp, har det blitt ein naturleg endring i NNN sin profil. Forslag til nye vedtekter blei diskutert, og Dag Atle oppdaterer dei aktuelle justeringane i årsmeldinga. Vedtektsendringane blir lagt fram på årsmøtet.

### *Økonomi*

NNN har god økonomi, og per i dag brukar NNN for lite pengar. Av den grunn er det satt av kr 20 000,- i neste års budsjett, som styret kan bruka til å bestille undersøkingar og kartlegging.

Det er vanskeleg å finna ny leiar til NNN. Eit forslag er å tilby den nye leiaren kr 10 000,- i reisestipend for å gjera leiarvervet meir attraktivt.

### Sak 19-06: Oppjustering av formuleringar i vedtekten.

Saka er skildra under eiga sak på årsmøtet

### Sak 20-06: Debattar over e-postlista

Styret i NNN ynskjer at det blir starta ein debatt på e-postlista etter årsmøtet om mastergradsutdanning i naturfag. Utgangspunktet var ynskje om å samordne dei ulike masterutdanningane, men styret blei einige om at ein kunne ta ein debatt for å kartlegge planar dei ulike høgskulane har om utdanning på masternivå.

Sak 21-06: Reisestøtte til årsmøtet

Alle i styret som har behov for reisestøtte til årsmøtet får dekka dette av NNN.

Sak 22-06: Referat om brev sendt til direktoratet – EVU

NNN har ikkje fått svar frå direktoratet på spørsmål om deira satsing på etter- og vidareutdanning av lærarar i naturfag. Dag Atle fortset arbeidet med å få tak i Trond Storaker i direktoratet.

Merete Økland

Referent (sign.)